



## Notat

Dato: 15.08.2017  
Arkivsak: 2015/11453-90  
Saksbehandlar: adelan

---

Til: Hordaland fagskulestyre

---

Frå: Fylkesdirektør opplæring

---

### **Utkast til rapport - godkjenning av Lokal matkultur**

Vedlagt følgjer NOKUT sitt utkast til rapport etter søknad om godkjenning av fagskuleutdanninga Lokal matkultur. Tilbodet er føreslått ikkje godkjent, men med høve til å rette opp feil og avklare eventuelle mistydingar. Rapporten består av ei administrativ vurdering som tek føre seg grunnleggjande føresetnader for å søkje om godkjenning av ei fagskuleutdanning, og ei fagleg vurdering gjort av sakkunnige som NOKUT har oppnemnt.

Den administrative vurderinga har nokre må-punkt og nokre bør-punkt som må rettast, men desse tilhøva er allereie retta opp og handsama av fagskulestyret 05.05.2017. Tilhøva som måtte rettast opp, var knytt til forskrift for Fagskolane i Hordaland og instruks for lokal klagenemnd.

Den faglege vurderinga syner til ein del tilhøve ved studieplanen som må endrast, men skulen vurderer dette som små justeringar og presiseringar. NOKUT har ikkje rådd skulen til å trekke søknaden, og det tyder på at skulen vil klare å rette opp dei tilhøva som er skissert av den sakkunnige komitéen innan fristen 18. august 2017.